



FLORA  
KOMMUNE

RESSURS- OG  
AREALFORVALTNING

Det kongelige Miljøverdepartementet  
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Att: ekspedisjonssjef Jarle Jensen

Vår ref.  
08/233-15/K1-100, K2-L00//STFU

Dykkar ref.

Dato:  
Florø: 28.08.2009

**FLORA KOMMUNE SI UTTALE TIL HØYRING AV FORSLAG TIL  
STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT  
FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN**

Vedlagt følgjer utskrift av saka med Flora kommune si uttale vedteke i Utbyggingsutvalet  
27.08.2009.

(er også sendt pr. e-post)

Med helsing

Steinar Furnes /s/  
Fagleiar arealplan

Gunnvor Nygård  
møte- og utvalsekretær

**Vedlegg:**

Flora kommune Utbyggingsutvalet sak 076/09, dat 27.08.2009

Postadr.:  
Markegata 51  
6900 FLORØ

Besøksadr.:  
Markegata 51

Telefon / faks:  
57 75 60 00 /  
57 75 60 01

Bankgiro:  
3775 07 09002

E post:  
[postmottak@flora.kommune.no](mailto:postmottak@flora.kommune.no)  
Org.nr: 935 473 578 MVA



**Saksgang:**  
Utbyggingsutvalet

**Møtedato:**  
27.08.2009

**Saknr.:**  
076/09

**Sakshandsamar:**  
Steinar Furnes

**Arkiv:** K1-100, K2-L00    **Arkivsaknr**  
**Objekt:** 08/233

## HØYRINGSDOKUMENT - STATLEGE RETNINGSLINER FOR STRANDSONEFORVALTNING.

### Kva saka gjeld:

Kommunen har frå Miljøverndepartementet motteke høyringsutkast til statlege retningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Fristen for å komme med merknader til dei nye retningslinene er svært kort og sett til 4. september 09.

Utkastet er også sendt til medlemene av Plan- og miljøutvalet til orientering, men møtefrekvensen gjer at evt. uttale frå dette utvalet ikkje vil kunne føreligge innan den fastsette fristen. Rådmannen ser imidlertid på Utbyggingsutvalet som kompetent kommunalt organ til å kome med uttale i arealspørsmål. Dersom plan- og miljøutvalet på eige initiativ ønsker å supplere denne uttalen med evt. viktige moment utover det som Utbyggingsutvalet vektlegg, kan dette evt. ettersendast til departementet.

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Flora kommune har ikkje vesentlege innvendingar til dei generelle føringane for arealdisponering det er lagt opp til i utkastet til retningsliner for strandsoneforvaltninga. Etter kommunen si vurdering synes desse langt på veg å samsvere med føringane i den noverande kommuneplanen sin arealdel.

Unnateke frå dette vil vere retningslinjene sine føringar om å endre eldre vedtekne planar til å samsvere med dei nye retningslinjene. Dette er planar vedtekne etter dåverande lovverk, og det vil på alle måtar vere urimeleg å etterkomme eit slikt krav.

Det er klart at dei nye retningslinjene på ingen måte vil vere ei oppmjuking av strandsone-forvaltninga trass i at kommunen er definert til å vere i eit område med lågt utbyggingspress.

Når det i tillegg vert lagt opp til ein svært krevjande formalitets- og kravpraksis rundt sjølve saksforvaltninga er dette urovekkande for ei kommune med avgrensa ressursar og kompetanse.

Både innskjerping av dispensasjonsreglementet og vesentleg større grad av plan- og utgreiingskrav vil i verste fall kunne medføre eit forvalningsregime som kan ha svært negative verknader for ei fornuftig, god og berekraftig distriktsutvikling på kysten. Det vil såleis vere avgjerande for ein kystkommune at forvaltninga lokalt og saman dei statlege og regionale planstyresmaktene kan ha tilstrekkeleg rom og fleksibilitet til å kunne vise godt forvaltingsskjønn ikkje berre i høve til dei generelle retningslinjene, men også i høve til krav- og formalitetsprosessane i sjølve saksforvaltninga.

**Framlegg:**

Utbyggingsutvalet gjorde framlegg om følgjande tillegg til råmannen si tilråding:  
”Flora kommune ser det som ein klar og nødvendig føresetnad at dei nemnde premissane i  
forvaltninga av retningslinene vert lagt til grunn i høve den øvrige innskjerpinga i lov om planlegging  
og bygesakshandsaming.”

**Røysting:**

Råmannen si tilråding med tillegg av utvalet sitt tilleggsframlegg, vart samrøyystes vedteke.

**UTBY-076/09 VEDTAK:**

Flora kommune har ikkje vesentlege innvendingar til dei generelle føringane for arealdisponering det er lagt opp til i utkastet til retningsliner for strandsonerforvaltninga. Etter kommunen si vurdering synes desse langt på veg å samsvere med føringane i den noverande kommuneplanen sin arealdel.

Unnateke frå dette vil vere retningslinjene sine føringar om å endre eldre vedtekne planar til å samsvere med dei nye retningslinjene. Dette er planar vedtekne etter dåverande lovverk, og det vil på alle måtar vere urimeleg å etterkomme eit slikt krav.

Det er klart at dei nye retningslinjene på ingen måte vil vere ei oppmjuking av strandsone-forvaltninga trass i at kommunen er definert til å vere i eit område med lågt utbyggingspress.

Når det i tillegg vert lagt opp til ein svært krevjande formalitets- og kravpraksis rundt sjølve saksforvaltninga er dette urovekkande for ei kommune med avgrensa ressursar og kompetanse.

Både innskjerping av dispensasjonsreglementet og vesentleg større grad av plan- og utgreiingskrav vil i verste fall kunne medføre eit forvaltningsregime som kan ha svært negative verknader for ei fornuftig, god og berekraftig distriktsutvikling på kysten. Det vil såleis vere avgjerande for ein kystkommune at forvaltninga lokalt og saman dei statlege og regionale planstyresmaktene kan ha tilstrekkeleg rom og fleksibilitet til å kunne vise godt forvaltingsskjønn ikkje berre i høve til dei generelle retningslinjene, men også i høve til krav- og formalitetsprosessane i sjølve saksforvaltninga.

Flora kommune ser det som ein klar og nødvendig føresetnad at dei nemnde premissane i forvaltninga av retningslinene vert lagt til grunn i høve den øvrige innskjerpinga i lov om planlegging og bygesakshandsaming.

Terje Heggheim  
Rådmann

Steinar Furnes  
Konst. tenesteleiar

## **Innleiing:**

Kommunen har frå Miljøverndepartementet motteke høyringsutkast til statlege retningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Fristen for å komme med merknader til dei nye retningslinene er svært kort og sett til 4. september 09.

Utkastet er også sendt til medlemene av Plan- og miljøutvalet til orientering, men møtefrekvensen gjer at evt. uttale frå dette utvalet ikkje vil kunne føreligge innan den fastsette fristen. Rådmannen ser imidlertid på Utbyggingsutvalet som kompetent kommunalt organ til å kome med uttale i arealspørsmål. Dersom plan- og miljøutvalet på eige initiativ ønskjer å supplere denne uttalen med evt. viktige moment utover det som Utbyggingsutvalet vektlegg, kan dette evt. ettersendast til departementet.

## **Vurdering:**

Utkastet til nye retningsliner for strandsoneforvaltninga er differensiert på landsbasis. Flora kommune er definert til å ligge i område med mindre press på areala, slik at dei nasjonale måla og retningslinene i pkt. 5 vil være sentrale premissar for kommunen si framtidige handsaming av plan- og byggesaker i strandsona.

Retningslinene må også sjåast i samanheng med det nye dispensasjonsregimet som skal leggast til grunn etter den nye plan- og bygningslova og som trådde i kraft frå 01 juli 09. Intensjonen med dette regimet skal i prinsippet medføre ei innstramming av dispensasjonshandsaminga i høve til dagens praksis.

Når det gjeld dei generelle forvaltningsprinsippa som er lagt til grunn i utkastet til nye retningslinene er desse etter kommunen si vurdering ikkje ei vesentleg endring i høve til dagens generelle prinsipp, og heller ikkje i høve til dei førande premissane i Flora kommune sin noverande arealdel til kommuneplanen.

Utover dette tyder kommunen dei nye retningslinene dit hen at bygging i strandsona i større grad enn før og hovudprinsipp skal løysast gjennom overordna strategi- og arealplanlegging; altså kommuneplan, arealplan til denne og til slutt som reguleringsplan.

Det synes imidlertid klart at kombinasjonen av eit skjerpa dispensasjonsregime, krava til fagleg vurdering i slike saker og intensjonen om i større grad å løyse utbyggingstiltak gjennom formell planutarbeiding, vil krevje auka ressursbruk og fagleg kompetanse frå kommunen si side for å kunne ivareta forvaltningsansvaret på ein tilfredstillande måte. Når retningslinene i tillegg legg føringar og forventningar til at kommunane skal endre både eksisterande planverk og eldre reguleringsplanar til å samsvare med dei nye retningslinene, signaliserer dette også tidkrevjande og uvanlege forvaltningsprinsipp med omsyn til problemstillingar knytt til spørsmål om ”tilbakeverkande kraft” og kanskje erstatningsspørsmål. Dette er premissar som det neppe er realistisk å forvente at kommunane verken ønskjer eller i nærmeste framtid vil ha ressursar til å gjennomføre.

Den nye planlova kjem samstundes med vesentlege endringar av formalitets- og utgreiingskrav til arealplanlegg, og særleg gjeld dette når arealdisponeringa ikkje heilt ut samsvarar med den overordna statlege, regionale og kommunale strategi- og arealplanlegginga.

Slik rådmannen ser det har den lokale forvaltninga av kystlinja i kommunen både i historisk og i nyare tid blitt utført på ein tilfredstillande måte til beste for folk og samfunn. Flora kommune er ei kystkommune med over 1000 km kystlinje, og det er klart at ein vesentleg del av av tiltak etter plan- og bygningslova vil vere i 100-metersbeltet og kome under retningslinene for arealforvaltninga i strandsona. Dei fleste tiltak med omsyn til dei tradisjonelle næringane, til kystbasert næringsverksemd, til turisme, til hyttebygging og bustad- og grendeutvikling vil vere avhengig av å kunne tillatast i 100-metersbeltet når tiltaka ikkje kjem i sterk og vesentleg konflikt med andre samfunnsinteresser. Det vil vere avgjerande for det meste av utviklinga i distrikta og i kommunen at det blir tillate å investere i gode og fornuftige utbyggingstiltak som styrker eksisterande samfunn og infrastruktur.

**Konklusjon:**

Rådmannen har ikkje vesentlege innvendingar til dei generelle føringane for arealdisponering det er lagt opp til i utkastet til retningsliner for strandsoneforvaltninga. Etter kommunen si vurdering synes desse langt på veg å samsvere med føringane i den noverande kommuneplanen sin arealdel. Unnateke frå dette vil vere retningslinjene sine føringar om å endre eldre vedtekne planar til å samsvere med dei nye retningslinjene. Dette er planar vedtekne etter dåverande lovverk, og det vil på alle måtar vere urimeleg å etterkomme eit slikt krav.

Det er klart at dei nye retningslinjene på ingen måte vil vere ei oppmjuking av strandsoneforvaltninga trass i at kommunen er definert til å vere i eit område med lågt utbyggingspress.

Når det i tillegg vert lagt opp til ein svært krevjande formalitets- og kravpraksis rundt sjølve saksforvaltninga er dette urovekkande for ei kommune med avgrensa ressursar og kompetanse.

Både innskjeping av dispensasjonsreglementet og vesentleg større grad av plan- og utgreiingskrav vil i verste fall kunne medføre eit forvaltningsregime som kan ha svært negative verknader for ei fornuftig, god og berekraftig distriktsutvikling på kysten. Det vil såleis vere avgjerande for ein kystkommune at forvaltninga lokalt og saman dei statlege og regionale planstyresmaktene kan ha tilstrekkeleg rom og fleksibilitet til å kunne vise godt forvaltingsskjønn ikkje berre i høve til dei generelle retningslinjene, men også i høve til krav- og formalitetsprosessane i sjølve saksforvaltninga.

**Prenta/uprenta vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Til/Frå	Tittel	Vedlagt (x)
1	I	29.06.2009	Det Kongelige Miljøverndepartement	Høring - forslag til statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen	X

**Utskrift til:**

Det kongelige Miljøverndepartement v/Jarle Jensen